

Doktor Haugen slik du minnest han 10 og 11.

22.12.2014



**Ingen fotballelskar.**

**Gunnvald Friheim var i ungdommen målmann på Uskedalen sitt fotballag, og han kan fortelja at Dr. Haugen ikkje hadde noko til overs for at ungdommar i sin beste alder stilte med sjølvforkyld skade etter å ha brukt tid på dette spelet.**

PÅ den tida føregjekk spelet på grusbanar, og det var ikkje alltid den finaste grusen heller. Dette resulterte ofte i både skråmer og kutt. Nokre gonger vart kutta så djupe at det måtte syng til. Dr. Haugen hjelpte alltid, men han meinte at når dei oppsøkte skadene gjennom denne hersens fotballen, måtte dei vise seg så vaksne at dei tok synga utan bedøving.

Smertefullt som dette var, fann dei unge fotballspelarane ut at det var ei betre løysing å oppsøkje Fretsby Myklebust, velkjend jordmor og sjukesyster. Då vart synga utført med bedøving og svært netthendt.

**Urinprøven.**

Vi tar med ei historie til frå fotballverda. På siste halvdel av 1960-talet vart det innført at alle som skulle spela kampar, måtte ha helsekort. Derfor skulle alle fotballspelarane til Uskedalen møte på doktorkontoret på Brekketoppen ein laurdag. Alle måtte ha medbrakt urinprøve. Blant spelarane var Arne Terje Haugland og Hans Gustav Mussland. Det hadde seg slik at ein av desse hadde gløymt dråpane med morgonurin. Dermed vart dei to einige om å dela broderleg.

Dei to vart innkalla samstundes til doktoren, og det vert fortalt at særleg Hans Gustav hadde store problem med å halda låtten tilbake då dr. Haugen dreiv og analyserte dråpane. Då resultatet var klart var heldigvis begge friske.

PS: I dag kan vi såleis gratulera Hans Gustav med 69-årsdagen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003.